

Fra: Frank Willy Pedersen Djuvik []

Til: Fylkesutvalet []

Kopi: Kontrollutvalet (KU) [KontrollutvaletKU@sfj.no]

Sendt: 27.09.2016 14:53:28

Emne: Vedr. FU-sak 101/2016 Skriv og meldingar - skriv nr 12b U.off

Vedlegg:

Denne e-posten er unnateke offentlighet etter §5 i offentleglova (utsett innsyn fordi saka som vert omtalt ikkje er ferdig saksførebudd), og eg ber mottakarane respektere dette.

Som leiar i kontrollutvalet ber eg om at Fylkesutvalet ved handsaming av sakslista i møtet i morgon trekkjer rådmannen si "høyringsuttale - forvaltningsrevisjonsrapport - anskaffing av advokat- og rådgjevingstenester i Fjord1 saka" frå sak 101/2016 Skriv og meldingar.

Det er svært kritikkverdig at Fylkesutvalet får seg førelagt ein høyringsuttale til ein forvaltningsrevisjonsrapport som utvalet ikkje sjølv har hatt høve til å lese, og ein rapport som ikkje er ferdig saksførebudd. At Fylkesutvalet i tillegg får seg førelagt deler av informasjonen i ei kontrollutvalssak før kontrollutvalet sjølv har motteke informasjonen ser eg svært alvorleg på.

Kontrollutvalet har bestilt ein forvaltningsrevisjon frå Deloitte om anskaffing av advokat- og rådgjevingstenester i Fjord1 saka. Som del av rapporten, vert rapporten sendt til Fylkesrådmannen på høyring, med ein 4 vekers høyringsfrist. Deloitte mottok eit omfattande høyringssvar frå Fylkesrådmannen i går ettermiddag, 26. september, og er endå ikkje ferdig med å vurdere og eventuelt imøtegå rådmannen sine vurderingar. Høyringssvaret, samt revisor sine vurderingar av høyringssvaret vil være ein del av den endelege rapporten når kontrollutvalet, og seinare Fylkestinget, mottek og skal handsame denne.

Fram til kontrollutvalet har handsama, og eventuelt sendt vidare rapporten til Fylkestinget, så er det kontrollutvalet sin rapport. At Fylkesrådmannen sender delar av rapporten til Fylkesutvalet før kontrollutvalet som bestiller, sjølv har motteke rapporten frå revisor, bryt med tidlegare praksis og handsaming av forvaltningsrevisjonar.

Eg vil minne om at forvaltningsrevisjonar vert utført på bestilling frå kontrollutvalet, og at kontrollutvalet rapporterer direkte til Fylkestinget. Fylkesutvalet har såleis ingen rolle, og er ikkje involvert i saksgangen for forvaltningsrevisjonar. Det er difor svært overraskande at fylkesrådmannen har sendt desse opplysningane til Fylkesutvalet, og eg stiller store spørsmålsteikn ved kva formål ein ynskjer å oppnå ved dette.

Det vil være mangel på respekt ovanfor kontrollutvalet, og kontrollutvalet sitt arbeid, om Fylkesutvalet skulle sette seg til å drøfte deler av ei sak som ligg til kontrollutvalet å handsame.

Eg og kontrollsjefen var i utgangspunktet innstilt på å informere Fylkesutvalet om forvaltningsrevisjonen på møtet i morgon, om rapporten hadde vore ferdig og utsendt til medlemmane i Kontrollutvalet. Men sidan revisor ikkje er ferdig med å vurdere høyringssvaret frå Fylkesrådmannen, så fann vi det uansvarleg å informere Fylkesutvalet om

ein uferdig rapport, utan å samstundes kunne orientere om heilskapen og kompleksiteten i rapporten.

Eg håpar at Fylkesutvalet som organ vil imøtekomme førespurnaden om at saka vert trekt frå sakskartet, og ikkje drøfta i utvalet sitt møte i morgon. Kontrollutvalet tek sikte på å handsame rapporten på vårt møte 7. oktober, der både revisor og fylkesrådmannen får høve til å legge fram sine vurderingar og svare på spørsmål.

Med helsing

Frank Willy Djuvik
Leiar i kontrollutvalet